

Setlar og myntar

# Årsrapport 2023

Finansiell stabilitet

Kontante betalingsmidler

# Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>3</b>
<b>2</b>	<b>Kontantforsyninga</b>	<b>3</b>
<b>3</b>	<b>Nærmare om setlar og myntar i omløp</b>	<b>4</b>
3.1	Volum i omløp	4
3.2	Kvaliteten på setlar i omløp	7
3.3	Falske setlar	9
<b>4</b>	<b>Eiga verksemd</b>	<b>9</b>
4.1	Sentralbankdepot	9
4.2	Innskot og uttak av setlar og myntar i Noregs Bank	10
4.3	Publikumstenester	11



# 1 Innleiing

Rapporten beskriv hovudstrukturen i kontantforsyninga og gir ei oversikt over utviklingstrekk for kontantar i omløp og verksemda til Noregs Bank. Rapporten går òg inn på andre forhold ved kontantforsyninga som kan påverke funksjonen til kontantane.

## 2 Kontantforsyninga

Publikumstilgangen på sentralbankpengar (kontantar) er ein viktig del av betalingssystemet. Noregs Bank skal forsyne det norske samfunnet med kontantar. Banken har ei primær forsyningsplikt. Det inneber å sørge for at det blir utferda nok setlar og myntar, og at kontantane som blir utferda, har god nok kvalitet. Noregs Bank skal òg halde ved lag tilfredsstillande løysingar for å løyse inn utgåtte setlar og myntar.

I tillegg har Noregs Bank ei sekundær forsyningsplikt. Det inneber at banken skal leggje til rette for at kontantane som er utferda, blir gjorde tilgjengelege i samfunnet.<sup>1</sup> Noregs Bank skal ivareta forsyningsplikta på ein måte som fremjar ei effektiv samla kontantforsyning, og som samtidig bidreg til effektivitet og tryggleik i det samla betalingssystemet.


Som illustrert i figur 1 set Noregs Bank setlar og myntar i sirkulasjon ved å forsyne bankane med kontantar frå fem sentralbankdepot. Slitne setlar og myntar blir destruerte av Noregs Bank i Oslo. Setlar og myntar som ikkje lenger er tvungne betalingsmiddel, kan etter nærmare reglar løysast inn direkte i Noregs Bank.

Bankane har ei detaljstrolle og forsyner kundane sine gjennom ulike kontanttenester. Alle bankar med konto i Noregs Bank kan hente og levere kontantar direkte i Noregs Bank, men dei har valt å organisere seg ved å bruke private kontantdepot. Kwart depot har ein forvaltar som opptrer på vegner av ein bank som eig behaldningane i depotet. Omfordeling mellom bankane skjer ved desse depota, og depota hentar og leverer kontantar i Noregs Bank når det er behov for det.

Etter gitte vilkår betaler Noregs Bank rentekompensasjon for behaldningar i privatdepot. Rentekompensasjonen inneber at eigarbankane vil få den same renta anten pengane blir oppbevarte i eit privat depot, eller det blir gjort innskot i eit sentralbankdepot. Denne ordninga har i lang tid bidrege til å avgrense rentemotiverte innskot i sentralbankdepotet og til å effektivisere omfordelinga og mellomlagringa i regionane.

<sup>1</sup> Omgrepa *primær og sekundær forsyningsplikt* er ikkje brukte i sentralbanklova, men er utleidde frå lovføresegnene i § 1-2 og §§ 3-4 til 3-6. Sjå mellom anna Innst. O. nr. 13 (1999–2000): Innstilling fra finanskomiteen om lov om betalingssystemer m.v., vedlegg 2.

Figur 1 Ansvarsdeling og kretsløp, forsyning av setlar og myntar



Kjelde: Noregs Bank

Setlar og myntar som blir leverte som innskot i Noregs Bank, må vere ektheitskontrollerte, kvalitetssorterte (resirkulerbare og ikkje-resirkulerbare) og pakka i samsvar med reglar som er gitt av Noregs Bank. Slitne (ikkje-resirkulerbare) og utgåtte setlar og myntar blir destruerte av Noregs Bank, mens gode (resirkulerbare) setlar og myntar kan leverast ut igjen utan vidare behandling.

Både Noregs Bank og bankane har i stor grad utkontraktert oppgåver på kontantområdet. Setlar og myntar blir produserte av eksterne leverandørar. Fire sentralbankdepot er drifta av Nokas Verdihåndtering AS. Noregs Bank driv sentralbankdepotet i Oslo og destruerer sjølv slitne setlar og myntar der.

Andre aktørar (Nokas og Loomis) tilbyr òg eigne tenester til publikum og forretningsdrivande (sjå omtale i 5.1), i tillegg til at dei utfører oppgåver på vegner av bankane og Noregs Bank.

### 3 Nærmare om setlar og myntar i omløp

#### 3.1 Volum i omløp


Tala for kontantar i omløp omfattar dagens utgåve og den førre utgåva av setlar (8. og 7. utgåve) og den noverande utgåva av myntar.

Figur 2<sup>2</sup> viser utviklinga i verdien av kontantar i omløp i perioden 2004–2023. Før dette var det ein nedgang i åra 1999–2003 og deretter ein auke. I 2023 var gjennomsnittsverdien på kontantar i omløp på 39,8 milliardar kroner, tilnærma likt omløpet i 2022. Verdien av kontantar i omløp i 2023 var nominelt på same nivå som i 1996.

<sup>2</sup> Figuren viser årsgjennomsnittet berekna ut frå data for den siste dagen i kvar månad.

**Figur 2 Kontantar i omløp fordelt på setlar og myntar**

Milliardar kroner. 2004–2023



Kjelde: Noregs Bank

Årsgjennomsnittet for verdien av setlar i omløp i 2023 utgjorde 35,5 milliardar kroner, ein auke på 0,4 milliardar kroner (1,3 prosent) frå 2022. Verdien av myntar i omløp viser ein nedgang frå 4,28 til 4,22 milliardar kroner (1,3 prosent) frå 2022 til 2023. Vi har ikkje oversikt over kor stor del av kontantar i omløp som blir brukt til transaksjonsformål, og kor mykje som utgjør reserve- eller beredskapsbeholdningar. Noregs Bank publiserte i mai 2023 råd om eigenberedskap for betalingar. Å ha noko kontantar tilgjengeleg var eitt av råda. Det er i samsvar med tilrådinga som Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap har gitt tidlegare. Vi veit ikkje i kva grad dette har påverka mengda kontantar i omløp.

Figur 3<sup>3</sup> viser endringar i samansetjinga av dei ulike setelvalørane dei siste ti åra. Valørsamansetjinga blir påverka av infrastrukturen i kontantforsyninga, mellom anna av kva valørar som blir nytta i minibankane. Endringane har vore små det siste året. I 2023 var det i gjennomsnitt 115,2 millionar setlar i omløp, ein nedgang frå 115,6 millionar (0,5 prosent) frå 2022. Etter fleire år med kraftig nedgang i talet på 1000-kronesetlar i omløp begynte talet å stige i 2022, og i 2023 steig talet på setlar frå 7,3 til 7,6 millionar (4,7 prosent). 500-kronesetelen har hatt ein auke dei fire siste åra etter ein nedgang dei tre føregåande åra og auka i 2023 frå 37,9 til 38,6 millionar setlar (1,8 prosent). Talet på 200-kronesetlar har gått ned frå 28,5 til 27,7 millionar (2,8 prosent). 100-kronesetelen har hatt ein nedgang frå 21,1 til 20,2 millionar setlar (4,5 prosent), og 50-kronesetelen hadde ein auke frå 20,8 til 21,0 millionar setlar (1 prosent) i 2023.


Det er berre små endringar i valørsamansetjinga for myntar.

<sup>3</sup> Også her viser figuren årsgjennomsnittet berekna ut frå data for den siste dagen i kvar måned.

Mengda kontantar i omløp er avhengig av kor mykje som blir brukt til betalingar og verdioppbevaring, men òg av endringar i kontantinfrastrukturen og sirkulasjonsmønster.

**Figur 3 Samansetjinga av setelomløpet**

Millionar stykk. 2013–2022




Kjelde: Noregs Bank

Det er typiske sesongsvingingar i kontantomløpet gjennom året med ein topp i samband med jula, sjå figur 4. Elles er det mindre toppar i omløpet ved påsketider og om sommaren. Dei tre siste åra har sesongsvingingane vore svakare enn tidlegare.

I 2020 såg vi ein uvanleg auke i talet på kontantar i omløp frå koronavirusutbrotet i mars og til ein topp på 42,5 milliardar i august. Då Russland invaderte Ukraina i februar 2022, såg vi ein moderat auke ut over normale sesongvariasjonar dei første vekene, fram til utgangen av mars.

**Figur 4 Utviklinga i omløpet gjennom året**

Milliardar kroner. Januar–desember




Kjelde: Noregs Bank

Sjølv om den nominelle verdien av kontantar i omløp har vore svært stabil i fleire år, har den reelle betydninga minka kraftig i den same perioden. Målt i forhold til BNP Fastlands-Noreg og privat konsum har kontantar i omløp vist ein jamn nedgang dei siste 15 åra. I 2023 er omløp målt i forhold til BNP Fastlands-Noreg og i forhold til privat konsum høvesvis 1 og 2,2 prosent. Dette er noko lågare enn i 2022.

Kontantane sin del av verdien av betalingsmiddel som publikum disponerer (M1), har òg falle jamt over tid, men i 2023 auka han frå 1,38 til 1,43 prosent, jf. figur 5. Dette er framleis svært lågt samanlikna med dei fleste andre land vi har statistikk frå.

**Figur 5 Kontantar i omløp, målt i forhold til M1, BNP og privat konsum**

Prosent. 2014–2023



Kjelder: SSB og Noregs Bank

### 3.2 Kvaliteten på setlar i omløp

For at setlar skal fungere effektivt som betalingsmiddel, må kvaliteten på setlar i omløp vere god nok. Er setlane for slitne, kan publikum ha problem med å kjenne igjen sikkerheitselementa, og det vil vere utfordrande å handtere setlane maskinelt.

Noregs Bank definerer krav til kvalitet gjennom regelverket for bankinnskot og uttak i sentralbanken. Bankane har ansvar for at setlar er sorterte som gode eller slitne i tråd med dette regelverket, før innskot i Noregs Bank. Slitne setlar skal leverast til Noregs Bank for destruksjon. Det er òg krav til kvalitetssortering for beholdningar i private depot for å unngå at slitne setlar blir sette ut igjen i sirkulasjon via desse.

Noregs Bank kartlegg utviklinga i kvaliteten på setlar i omløp, og to gonger i året blir eit utval frå fem regionar henta inn og analysert. I tillegg hentar ein inn månadleg statistikk over setlar som er kvalitetssorterte av teljesentralar. Til saman gir dette eit godt grunnlag for å vurdere korleis kvaliteten utviklar seg, og om det er behov for justeringar.


Noregs Bank har gjort slike undersøkingar sidan 2009. Utsiftinga av setleserien inneber at setlane som no sirkulerer, er relativt nye, og gjennomsnittskvaliteten er derfor god. Sjølv om vi ser at kvaliteten har gått noko ned dei siste par åra, er han likevel over det vi har definert som eit akseptabelt nivå.

I tillegg til å justere sorteringskriteria kan Noregs Bank gjere endringar i setlane for å gjere dei meir robuste for slitasje i omløp. Slike endringar kan ikkje gjerast ofte, og dette er derfor eit langsiktig verkemiddel.

Figur 6 viser kor stor prosentdel av setlane i omløp som blir kvalitets-sorterte ved teljesentralar kvar måned. Som det går fram av figuren, er det forskjellar mellom valørane, men ein generell trend er at setlane kjem sjeldnare inn til teljesentralane enn tidlegare. Endringar både i bruksmønster, sirkulasjonsmønster og infrastruktur kan påverke kor ofte setlane kjem inn til teljesentralen for å bli sorterte. Dei siste åra har utskiftinga av den gamle setleserien påverka sorteringsfrekvensen.

**Figur 6 Andel av omløpet som er kvalitetssortert/behandla av teljesentralar per måned**

Prosent. Januar 2014–desember 2023



Kjelde: Noregs Bank

Vi ser ein kraftig nedgang i inngang til teljesentralane i mars 2020, noko som samsvarer med nedstenginga på grunn av koronapandemien. Inngangen av 200- og 500-kronesetlar har teke seg opp igjen, mens 50- og 100-kronesetlane blir verande på eit lågare nivå enn før korona-utbrotet. Denne utviklinga kan òg ha samanheng med at tenesta kontantar i butikk, som blei etablert i 2020, har påverka kontantsirkulasjonen. Når kontantane i større grad blir resirkulerte frå butikkane, kjem dei sjeldnare inn til teljesentralane. Den sterke auken i inngangen av 1000-kronesetlar fram til årsskiftet 2020/2021 kjem hovudsakleg av at utgåve 7 blei ugyldiggjort 15. november 2020 og blir bytt ut med utgåve 8.

Tala for sorteringsfrekvensen tilseier at 50-kronesetlane i gjennomsnitt blir kvalitetssorterte om lag 0,3 gonger per år, mens 100-kronesetlane og 1000-kronesetlane blir sorterte 0,5 gonger per år. 200-kronesetlane og 500-kronesetlane blir sorterte høvesvis 1,3 gonger og 1 gong kvart år.


### 3.3 Falske setlar

Det blir registrert få falske setlar i Noreg samanlikna med dei fleste andre land. Dei fleste forfalskingane har vore av dårleg kvalitet og har dermed vore enkle å avdekkje ved å sjekke sikkerheitsselementa som er berekna for publikum.

I 2023 registrerte Kripos 1201 falske setlar, ein auke i forhold til tidlegare år. Det svarer til om lag ti falske setlar per million setlar i omløp, noko som er lågare enn enkelte år før 2019. Setlane som Kripos registrerer, er totale beslag som òg omfattar setlar som ikkje har vore i sirkulasjon. Til samanlikning er det tilsvarande talet for eurolanda i 2023 cirka 16 per million<sup>4</sup>, men ECB-statistikken omfattar berre setlar som er beslaglagde frå sirkulasjon, ikkje det totale beslaget.

Vurderinga vår er at det omfanget og den kvaliteten vi ser på forfalskingar, ikkje gir grunn til bekymring for at tilliten til setlane kan bli svekt.

**Figur 7 Beslaglagde falske norske setlar 2019–2023**



Kjelde: Kripos

## 4 Eiga verksemd

### 4.1 Sentralbankdepot

Noregs Bank driftar sjølv sentralbankdepotet i Oslo. Sentralbankdepota i Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø er det Nokas Verdihåndtering AS som driftar. Leveransane er regulerte i ein samarbeids- og leveranseavtale som beskriv kva tenester og oppgåver Nokas skal utføre for Noregs Bank, kva kvalitets- og rapporteringskrav som er knytte til desse tenestene, og kva som er prisen på dei.

<sup>4</sup> Kjelde: ECB, pressemelding publisert 30. januar 2023

Noregs Bank gjennomfører umelde kontrollbesøk ved depota for å verifisere den fysiske eksistensen til kontantbeholdningane og for å sjekke at tenestene blir utførte som avtalt. Alle sentralbankdepota er blitt kontrollerte i 2023. Ingen av kontrollane avdekte vesentlege feil eller manglar. Eventuelle avvik blir tekne opp med selskapet etter kvart som dei blir oppdaga.

#### 4.2 Innskot og uttak av setlar og myntar i Noregs Bank


Bankane gjer innskot og uttak av setlar og myntar i Noregs Bank når dei har overskot av eller behov for tilførsel av kontantar, eller når dei har behov for å levere inn slitne/defekte eller tilbaketrekte setlar og myntar.

Etter ein fallande trend i fleire år var det ein noko høgare inngang og utgang av setlar i åra 2016, 2017 og 2018, illustrert i figur 8. Det hadde med utskiftinga av setelrekkja å gjere. I åra etter har seteltransaksjonane med Noregs Bank igjen halde fram med å falle.

Til saman hadde bankane 11 prosent færre seteltransaksjonar med Noregs Bank i 2023 enn i 2022, mens snittbeløpet per transaksjon er gått ned med 6 prosent. Det var samla sett ein netto inngang av setlar i 2023, det vil seie ein nedgang i antalet setlar i omløp på 0,5 millionar stykk. (Merk at dette viser endringa frå byrjinga til slutten av året, derfor avvikalet frå endringa i årsgjennomsnittet, jf. 3.1). 100- og 200-kronersetelen hadde netto inngang i 2023, mens dei andre valørane hadde netto utgang.

**Figur 8 Inngang og utgang setlar. Millionar stykk**


2014–2023



Kjelde: Noregs Bank

**Figur 9 Inngang og utgang myntar**

Millionar stykk. 2014–2023



Kjelde: Noregs Bank

Det var 28 prosent fleire mynttransaksjonar i 2023 enn i 2022. I 2023 har det samla sett vore ein netto inngang på 10,3 millionar myntar. Alle myntvalørar har netto inngang.

Noko av auken i transaksjonar kan truleg forklarast med endringar i vilkåra for bankinnskott av myntar, mellom anna fjerning av gebyr, som gjer det gunstigare/billigare å gjere transaksjonar med sentralbanken.

**4.3 Publikumstenester***Innveksling av utgåtte setlar og myntar*

Publikum kan løyse inn setlar og myntar som ikkje lenger er tvungne betalingsmiddel, hos Noregs Bank i Oslo eller ved dei andre sentralbankdepota. Dette gjeld setlar av utgåve 4, 5, 6 og 7 og gamle 50-øre-, 5-krone- og 10-kronemyntar. Pengane og eit søknadsskjema kan sendast via post til Noregs Bank eller leverast i resepsjonen ved hovudkontoret i Oslo. Det er òg mogleg å veksle setel mot setel av utgåve 7 for opptil 7000 kroner ved dei fem sentralbankdepota.

Det er framleis stor inngang av vekslingssaker. I 2023 fekk Noregs Bank ca. 25 000 postsendingar med utgåtte setlar og myntar for utbetaling til konto, mot 28 000 i 2022. I tillegg blei det gjennomført ca. 28 000 vekslingar over disk i 2023. Dette dreier seg om veksling av beløp opp til 7000 kroner, som blir utbetalt kontant. Noregs Bank behandlar sakene i samsvar med kvitvaskingsreglane. I 2023 er det blitt implementert nye system for veksling, og publikum kan no fylle ut søknadsskjema og identifisere seg ved bruk av BankID via nettsida til Noregs Bank.

Tabell 1 viser kor mange setlar av utgåve 7 som er i omløp per 31.12. (millionar setlar). Ved utgangen av 2023 var det totalt 24,3 millionar setlar av utgåve 7 til ein verdi av 5,3 milliardar kroner i omløp. Det blei veksla inn ca. 470 millionar kroner av setlar av utgåve 7 i 2023, mot ca. 653 millionar kroner i 2022.

Innvekslinga av utgåve 6 viste at det meste som er i omløp, vil komme tilbake til Noregs Bank etter ei stund. Vi reknar med at ein mindre del av setlane er gått tapt og derfor aldri vil bli innløyste av publikum. Det gjeld spesielt dei lågare valørane. Ved utgangen av 2023 rekna vi med at setlar for ein verdi av ca. 500 millionar kroner ikkje vil komme tilbake til Noregs Bank. Dette er avsett og inntektsført i rekneskapen til Noregs Bank i 2023.

**Tabell 17. utgåve i omløp per 31.12.**

	2020	2021	2022	2023
millionar stykk				
50 kr	10,3	10,0	9,8	9,6
100 kr	6,9	6,7	6,5	5,7
200 kr	4,7	4,6	4,4	4,2
500 kr	4,0	3,6	3,2	2,9
1000 kr	3,3	2,5	2,1	1,9

	2020	2021	2022	2023
millionar kroner				
50 kr	513	500	490	479
100 kr	686	670	650	569
200 kr	948	915	880	848
500 kr	1996	1776	1600	1467
1000 kr	3 332	2 512	2 100	1 888
<b>Totalt</b>	<b>7 474</b>	<b>6 373</b>	<b>5 720</b>	<b>5 250</b>

### Erstatningssaker

Publikum kan få erstatta sterkt skadde eller bortkomne setlar og myntar etter forskrift om erstatning for sterkt skadde eller bortkomne setlar og myntar. Det blir ikkje behandla mange slike søknader i året (10–20). Mindre erstatningssaker, som avrivne enkeltsetlar, blir behandla som vekslingar.

### Minnemyntar

I 2023 har Noregs Bank gitt ut ein minnemynt i form av ein 20-krone-sirkulasjonsmynt med spesialpreg for å markere at det var 250 år sidan Kartverket blei oppretta. Fem kunstnarar blei i 2022 inviterte til ein konkurranse om utforming av jubileumsmotivet. Juryen, som bestod av dei eksterne medlemmene i Noregs Banks pregkomité, kåra forslaget *Triangeltekst* av kunstnaren Torgeir Husevaag som vinnar av konkurransen.



Biletet viser revers av minnemynten til Kartverkets 250-årsjubileum, utgitt i 2023. Motivet «Triangeltekst» er utforma av kunstnaren Torgeir Husevaag. Foto: Noregs Bank



**Norges Bank**

Setlar og mynt 2024

Oslo 2025

Adresse: Bankplassen 2

Post: Postboks 1179 Sentrum, 0107 Oslo

Telefon: 22316000

E-post: [post@norges-bank.no](mailto:post@norges-bank.no)

[www.norges-bank.no](http://www.norges-bank.no)

Design: TRY

Layout: Aksell AS